

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 18.06.2008 **Tid:** 13.00-18.50

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21, inkl. 1 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Trude Løvskar

Liv Berit K Befring fram til sak 17/08.

**I staden møtte:**

Laila Midtun

**Andre som var tilstade på møtet:** Adm.sjef Ramsli og Ass.adm.sjef Våge under heile møtet. Økonomisjef Nina Erdal under sakene 17/08-23/08. Avd. ingeniør John Inge Sandvik under sak 19/08.

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 20. juni 2008

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista vart godkjent. Ordføraren orienterte om at representantar frå BKK Nett var innbydd til møte kl 14.00 for å orientera kommunestyre om mogleg kraftlinje mellom Grønsdal og Vaksdal.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent.

**VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:**

Marit Aase, Nils Gåsdaal og Jens Harald Abotnes.

**UTVALET SITT KVARTER:**

Bright Olav Gåsdaal bad om å få status for arbeidet med "First responder". Ordføraren hadde motteke spørsmålet dagen før og kunne derfor orientera kort. First responder-ordninga vert vurdert i samband med gjennomgang av legetenesta i Samnanger. Administrasjonsutvalet og ei administrativ arbeidsgruppe har ansvar for vidare framdrift.

Eva Hellevang stilte spørsmål om prosedyrar for å ringja til Trygdekontoret/NAV. Innbyggjarane opplever å måtte ringja til "grønt" nummer som ein barriere. Ordføraren skal syta for å bringa spørsmålet vidare til trygdesjefen.

Nils Gåsdaal stilte spørsmål om sal av kaia på Rolvsvåg. Han meinte at det er kommunestyret som skal ta avgjerd om evt. sal av kaia. Ordføraren orienterte om status for kaiområdet, og ho sa også at eit evt. sal vil verta førelagd kommunestyret til avgjerd.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Ordføraren orienterte om følgjande:

- Spleiselag på forskottering av 97,5 millionar til tunnel bak Ytre Tysse og forskottering av 5 millionar til vegrelaterte kostnader i samband med miljøgateprosjektet på Ytre Tysse. Søknad til Statens vegvesen vert sendt i desse dagar.
- Kommunen har lyst ut to gonger stillinga om byggjesakshandsamar på teknisk utan å lukkast med å få tilsett kvalifisert kompetanse. Det vart orientert om prosessen og at byggjesakshandsaminga vert løyst internt inntil vidare.

Sture Tveit orienterte om Bergen og omland friluftsråd sitt arbeid med å få i gang servituttavtale for Gjerde friluftsområde.

BKK-Nett v/Ivar Eidsheim og Alf Sælensminde orienterte om planar for kraftleidning mellom Vaksdal og Samnanger. Hovudutfordringa til BKK er for dårleg kapasitet på Vaksdalsida. Denne leidninga kan ha betydning også for å få auka kapasiteten i Samnanger slik at utbyggjarar av småkraftverk kan få tilgang til nettet. Kommunen vil få høve til å gje tilbakemelding på desse planane før evt. realisering. Kommunen ønskjer ein tett dialog med BKK tidleg i prosessen.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0017/08	08/00159 <b>KOMMUNEREKNESKAPEN 2007 - DISPONERING AV OVERSKOT</b>
0018/08	08/00277 <b>PROSAM - TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET</b>
0019/08	08/00240 <b>FINANSIERING VA-ANLEGG OG MILJØGATA YTRE TYSSE.</b>
0020/08	08/00074 <b>VEGEN TIL TOTRÆNA VINTERPARK.</b>
0021/08	05/00269 <b>STRAKSTILTAK KOMMUNALE VEGAR</b>
0022/08	03/00020 <b>FORLENING AV AVTALE OM REVISJON</b>
0023/08	07/00026 <b>PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON</b>
0024/08	08/00043 <b>LØYVE TIL SAL AV ØL 2008-11.</b>
0025/08	08/00044 <b>SKJENKELØYVE FOR ØL, VIN OG BRENNEVIN OG UTESERVERING 2008-11.</b>

0017/08

**KOMMUNEREKNESKAPEN 2007 - DISPONERING AV OVERSKOT****Framlegg til vedtak::**

Budsjettet for 2008 vert endra som fylgjer

konto nr.	utgift opp	finansiering
lønn og pensjon, 1.1200.1800.4910	2 100 000	
renter	330 000	
seniortiltak 1.1200.1800.-2902	50 000	
Rv 7 1.1400.3251.1950	10 000	
Bruk av disp.fond		2 490 000
<b>Sum</b>	<b>2 490 000</b>	<b>2 490 000</b>

**Handsaming i møte:**

**Sture Tveit (H)** sette fram følgjande tilleggsframlegg: "Konto nr. 1.1001.1101. kommunens kontrollutval kr. 50.000. Disposisjonsfondet redusert med kr. 50.000."

**Fellesframlegg frå Marit Aase (Krf) og Brigte Olav Gåsdal (Ap):**"Avsett til knt for tilleggsøyvingar: kr. 100.000."

Det vart først røysta over framlegget til Tveit, som vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over fellesframlegget frå Aase og Gåsdal som vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart det røysta over framlegget til PØ som vart vedteke med vedtekne tillegg.

**Vedtak:**

Budsjettet for 2008 vert endra som fylgjer

konto nr.	utgift opp	finansiering
lønn og pensjon, 1.1200.1800.4910	2 100 000	
renter	330 000	
seniortiltak 1.1200.1800.-2902	50 000	
Rv 7 1.1400.3251.1950	10 000	
Knt 1.1001.1101 kontrollutvalet	50 000	
Tilleggsøyvingskonto	100 000	
Bruk av disp.fond		2 640 000
<b>Sum</b>	<b>2 640 000</b>	<b>2 640 000</b>

0018/08

**PROSAM - TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET**

**Framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune løyver kr. 300.000 til ProSam. Kr. 40.000 vert å omdisponera til ubrukte midlar frå BNU. Kr. 260.000 vert å ta frå næringsfondet.

**Handsaming i møte:**

Gunnar Bruvik bad om å få vera utgild i saka.  
Han vart samrøystes funnen ugild, og han gjekk i frå.  
Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune løyver kr. 300.000 til ProSam. Kr. 40.000 vert å omdisponera til ubrukte midlar frå BNU. Kr. 260.000 vert å ta frå næringsfondet.

0019/08

**FINANSIERING VA-ANLEGG OG MILJØGATA YTRE TYSSE.**

**Framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune finansierer investeringar til VA-prosjektet og tettstadprosjektet på Ytre Tysse med eit låneopptak på inntil 12 millionar kroner og nyttar næringsfondet til å finansiera forskottering av vegrelaterte kostnader på inntil 5 millionar kroner.

**Handsaming i møte:**

**Eva Hellevang** sette fram følgjande framlegg ” VA-prosjektet og tettstadprosjektet på Ytre Tysse vert utsett til tunnel bak Ytre Tysse er ferdig. ”  
Det vart røysta over utsettingsframlegget. 2 røysta for og 18 røysta imot. Debatten heldt fram.

Liv Berit Befring kom til under handsaminga av saka.

Til slutt vart det røysta over framlegget til PØ som vart vedteke med 19 mot 2 røyster.

**Vedtak:**

Samnanger kommune finansierer investeringar til VA-prosjektet og tettstadprosjektet på Ytre Tysse med eit låneopptak på inntil 12 millionar kroner og nyttar næringsfondet til å finansiera forskottering av vegrelaterte kostnader på inntil 5 millionar kroner.

0020/08

## **VEGEN TIL TOTRÆNA VINTERPARK.**

### **Framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune løyver kr. 100.000,-. Til vedlikehald/opprusting av vegen til Totræna. Pengane vert løyvd frå disposisjonsfondet.

### **Handsaming i møte:**

**Brigt Olav Gåsdal (Ap)** sette fram følgjande tilleggsframlegg:” Kommunestyret føreset at pengane kan disponerast av idrettslaget.”

**Sigmund Dyrhovden (Krf)** sette fram følgjande alternative framlegg:

” Samnanger kommune løyver inntil kr. 200.000,- til vedlikehald/opprusting av vegen til Totræna. Idrettslaget legg fram ein plan for opprustinga for kommunen før pengane blir utbetalte. Pengane vert løyvd frå disposisjonsfondet.”

Brigt Olav Gåsdal v/Ap bad om gruppemøte. Møtet vart mellombels heva i ti minutt. Møtet vart sett igjen, og debatten heldt fram.

Det vart røysta alternativt over Dyrhovden sitt framlegg og tilrådinga. Tilrådinga fekk 11 røyster og vart vedteke, medan Dyrhovden sitt framlegg fekk 10 røyster.

11 røysta for Gåsdal sitt tilleggsframlegg.

### **Vedtak:**

Samnanger kommune løyver kr. 100.000,- til vedlikehald/opprusting av vegen til Totræna. Pengane vert løyvd frå disposisjonsfondet.

Kommunestyret føreset at pengane kan disponerast av idrettslaget.

0021/08

## **STRAKSTILTAK KOMMUNALE VEGAR**

### **Framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune løyver kr. 160.000 til nytt dekke på Liavegen. Summen blir teken frå disposisjonsfondet

### **Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Samnanger kommune løyver kr. 160.000 til nytt dekke på Liavegen. Summen blir teken frå disposisjonsfondet .

0022/08

## FORLENGING AV AVTALE OM REVISJON

### **Framlegg til vedtak::**

*Avtalen med BDO Noraudit om revisjonstenester med Samnanger kommune vert lenga til å gjelda rekneskapsåra 2008 og 2009.*

### **Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

*Avtalen med BDO Noraudit om revisjonstenester med Samnanger kommune vert lenga til å gjelda rekneskapsåra 2008 og 2009.*

0023/08

## PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

### **Framlegg til vedtak::**

Forslag til Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll vidaresendes til kommunestyret for godkjenning.

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll.

Forvaltningsrevisjonsrapportar vert handsama i kommunestyret etter kvart som dei ligg føre. Revisor, etter §12 i forskrift om kontrollutval, ser etter om kommunestyret sine vedtak i forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgt opp. Denne oppfølginga rapporterar kontrollutvalet årleg til kommunestyret.

### **Handsaming i møte:**

**Øyvind Røen (Sp)** sette fram følgjande framlegg:” Kommunestyret tek Plan for forvaltningsrevisjon 2008-2011 og plan for selskapskontroll til orientering.

Kommunestyret ønskjer å gjennomføra desse tiltaka i plan for forvaltningsrevisjon 2008-2011.

- Offentleg innkjøp
- Internkontroll
- Openheit og offentlegheit
- Oppfølging av vedtak
- Gildskap og etikk
- Finansforvaltning

Kommunestyret delegerer til kontrollutvalet å prioritera innanfor desse tiltaka.

Kommunestyret kjem eventuelt tilbake til andre tiltak seinare. ”

Brigt Olav Gåsdal (Ap) bad om gruppemøte. Møtet vart mellombels heva.

Møtet vart sett, og debatten heldt fram.

Til slutt vart det røysta alternativt over tilrådinga og framlegget frå Røen. Røen sitt framlegg vart vedteke med 13 røyster, 8 røysta for tilrådinga.

#### **Vedtak:**

Kommunestyret tek Plan for forvaltningsrevisjon 2008-2011 og plan for selskapskontroll til orientering.

Kommunestyret ønskjer å gjennomføra desse tiltaka i plan for forvaltningsrevisjon 2008-2011.

- Offentleg innkjøp
- Internkontroll
- Openheit og offentlegheit
- Oppfølging av vedtak
- Gildskap og etikk
- Finansforvaltning

Kommunestyret delegerer til kontrollutvalet å prioritera innanfor desse tiltaka.

Kommunestyret kjem eventuelt tilbake til andre tiltak seinare

0024/08

#### **LØYVE TIL SAL AV ØL 2008-11.**

#### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune gjev Kiwi Bjørkheim og K.Knutsen A/S nytt 4-årsløyve til å selja alkoholhaldige drikka med volumprosent mindre enn 4,76% alkoholinnhald. Løyvet gjeld fram til kl. 20.00 kvardagar og laurdagar fram til kl. 18.00.

#### **Handsaming i møte:**

**Kristian Jørgensen (Krf)** sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune gjev Kiwi Bjørkheim og K.Knutsen A/S nytt 4-årsløyve til å selja alkoholhaldige drikka med volumprosent mindre enn 4,76% alkoholinnhald. Løyvet gjeld fram til kl. 18.00 kvardagar. Laurdagar og dag før heilagdag fram til kl. 15.00.

Jørgensen bad om prøverøysting.

Olaug Øystese (Ap) bad om gruppemøte. Møtet vart mellombels heva.

Møtet vart sett, og debatten heldt fram.

Det vart først prøverøysta over Jørgensen sitt framlegg. Framlegget fekk 8 røyster.13 røysta imot. Jørgensen trekte då sitt framlegg.

Deretter vart det røysta over tilrådinga frå Oppvekst og omsorg, som vart vedteke med 16 røystar mot 5.

#### **Vedtak:**

Samnanger kommune gjev Kiwi Bjørkheim og K.Knutsen A/S nytt 4-årsløyve til å selja alkoholhaldige drikka med volumprosent mindre enn 4,76% alkoholinnhald. Løyvet gjeld fram til kl. 20.00 kvardagar og laurdagar fram til kl. 18.00.



0025/08

**SKJENKELØYVE FOR ØL, VIN OG BRENNEVIN OG UTESERVERING 2008-11.**

**Framlegg til vedtak:**

Søknad frå Bjørkheim kro og motell om utviding av eksisterande løyvetid til kl. 02.00 alle dagar for øl, vin og brennevin vert ikkje imøtekomen. Samnanger kommune sluttar seg til merknad frå lensmannen.

Bjørkheim kro og motell får løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk; øl, vin og brennevin. Løyvet har slikt innhald:

- For skjenking av øl og vin frå kl. 12.00 til kl. 01.00 alle dagar.
- For brennevin frå kl. 13.00 til kl. 24.00 alle dagar.
- Løyvet gjeld og uteservering.

**Handsaming i møte:**

**Sture Tveit (H)** sette fram følgjande endringsframlegg i 2. strekpunktet i løyvet sitt innhald: ” - For brennevin frå kl. 13.00 til 24.00 alle dagar. Det vert ikkje høve til å selja brennevin på søndagar.”

Det vart røysta punktvis.

1 . Søknad frå Bjørkheim kro og motell om utviding av eksisterande løyvetid til kl. 02.00 alle dagar for øl, vin og brennevin vert ikkje imøtekomen. Samnanger kommune sluttar seg til merknad frå lensmannen. Samrøystes vedteke.

2 . Bjørkheim kro og motell får løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk; øl, vin og brennevin. Vedteke med 16 røyster mot 5.

*Løyvet har slikt innhald:*

3. For skjenking av øl og vin frå kl.12.00 til kl.01.00 alle dagar. Vedteke med 15 røyster mot 6.
4. For brennevin frå kl. 13.00 til kl. 24.00 alle dagar. Vedteke med 15 røyster mot 6.
5. Løyvet gjeld og uteservering. Vedteke med 16 røyster mot 5.
6. Det vert ikkje høve til å selja brennevin på søndagar. Vedteke med 13 røyster mot 8.

**Vedtak:**

Søknad frå Bjørkheim kro og motell om utviding av eksisterande løyvetid til kl. 02.00 alle dagar for øl, vin og brennevin vert ikkje imøtekomen. Samnanger kommune sluttar seg til merknad frå lensmannen.

Bjørkheim kro og motell får løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk; øl, vin og brennevin. Løyvet har slikt innhald:

- For skjenking av øl og vin frå kl. 12.00 til kl. 01.00 alle dagar.
- For brennevin frå kl. 13.00 til kl. 24.00 alle dagar med unnatak søndagar.
- Løyvet gjeld og uteservering.